

Sakshandsamar:

Lars Erik Lunde
E-post: lars.erik.lunde@sfj.no
Tlf.: 57638102

Vår ref.

Sak nr.: 19/2093-14
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

56173/19

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 23.09.2019

Notat

Frå: Fylkesrådmannen
Til: Fylkesutvalet, møte 2. oktober
Kopi til: Hovudutval for samferdsle, møte 1. oktober

Status i arbeidet med reguleringsplan for Atløysambandet

Fylkesrådmannen vil med dette notatet gi ei orientering om status og dei avklaringar og prioriteringar som er lagt til grunn for arbeidet med reguleringsplanen for Atløysambandet.

Askvoll kommune er gitt høve til å kome med sine merknader til notatet.

Oppstart og arbeidet hittil

Med heimel i Plan- og bygningslova § 12.8 vart det meldt om oppstart av arbeid med reguleringsplan for Atløysambandet 3. mars 2019. Statens vegvesen er tiltakshavar, og har leigd Rambøll til å hjelpe til med reguleringsarbeidet. Det vart arrangert folkemøte og open kontordag på Atløy og i Askvoll i høyringsperioden.

Den 15. august orienterte Statens vegvesen i eit prosjektmøte med fylkeskommunen at det var behov for avklaringar knytt til reguleringsplanen. I brev datert 19.8.2019 bad Statens vegvesen fylkeskommunen om merknader til at kryss på fv. 606 ved Askvoll skule vart teke med i reguleringsplanen. Dei ønskte vidare å utelate strekninga Grov – Leirvåg, og heller kople på vegen med eksisterande veg på Grov, jf. kart under.

I eit svarbrev frå fylkeskommunen 20.8.2019 vart det gitt tilbakemelding på at vi ikkje hadde merknader til dei føreslegne endringane i planområdet.

Den 30. august vart det helde eit videomøte (Skype) med Statens vegvesen, Rambøll og kommunen om reguleringsplanarbeidet. I etterkant av dette melde kommunen at dei ønskte ein nærmare gjennomgang av dei prioriteringane og avklaringane som er gjort.

Budsjett for planarbeidet

I budsjett for 2019 var det sett av ei løyving på 1 mill. kr. Av denne vart 0,8 mill. kr nytta til tilbakebetaling av forskottering til Askvoll kommune. I fylkestinget si behandling av tertial 1/19 vart løyvinga auka til 3,4 mill. kr. I samband med tertialrapport 2/19 er løyvinga føreslått auka til 5,9 mill. kr grunna meirbehov til arkeologiske utgravingar og undersøkingar i sjø.

Om avgrensning av planområde



Bilete viser det varsla planområdet frå kommunedelplanen.

Nærmare om enkelt forhold knytt til planprosjektet

Brua i Granesundet


Askvoll kommune har tidlegare utarbeidd kommunedelplan for Atløysambandet. I november 2017 vedtok Kommunal- og moderniseringsdepartementet at brua i Granesundet skal ha ei seglings-høgde på 42 m. Statens vegvesen ser no at den auka seglingshøgda gjer det utfordrande å «treffe» land på rett måte. For å halde byggekostnadane nede på den store brua har det vore jobba mykje med å halde denne rett. Kurvatur vert då teke på landsidene, og med lite areal tilgjengeleg har dette vore krevjande å få til på ein god måte.

Grunnundersøkingar

I samband med kommunedelplanen var det ikkje gjort grunnundersøkingar og boringar som var nøyaktige nok for med sikkerheit å kunne seie at vi har gode nok forhold til plassering av fundament til bruene og massar til vegbygging. Ein visste og at her finns førekomstar av leire som ein måtte avdekke plassering og omfang av. Geologiske undersøkingar vart bestilt på land og i dei tre sunda. Spesielt grunnundersøkingane i sjø hadde høg kostnad. Undersøkingane måtte gjerast med båt. I to av sunda er det rutegåande båt/ferjetrafikk samt anna transport og trafikk. Mykje start, stopp og flytting for å ta omsyn til trafikken er svært kostnadsdrivande. Endeleg kostnad for grunnundersøkingane vart 1,6 mill. kr.

Påkopling fv. 608

Krysset ved fv. 608 ved Askvoll skule, merka med raud ring i kartet nedanfor, var ikkje med i kommunedelplanen. Etter innspel ved oppstartsvarsel og frå Askvoll kommune, samt vurderingar av krysset, vart dette teke med i reguleringsplanen. Stigningsforholda til krysset og sikta er for dårleg. Dette er utfordrande i høve skuletrafikk og anna trafikk. Krysset har og vore omtalt som trafikkfarleg på ulike møte med kommunen tidlegare. Dette vil bli forsterka når trafikken til Atløy vert kopla på. Det har vore vurdert fleire alternativ. Alternativet ein har valt å gå vidare med har ein valt på grunn av kostnad, grunnforhold og av omsyn til dyrka mark. Auka kostnad i planprosjektet er om lag 0,35 mill. kr.



Konsekvensutgreiing gytefelt for torsk

I høyringsperioden kom det ein merknad frå Fiskeridirektoratet som omhandlar gytefelt for torsk ved Prestøy. Dette temaet er ikkje med i kommunedelplanen då ei kartlegging i etterkant har avdekket dette. Fiskeridirektoratet ber om ei konsekvensutgreiing knytt til gytefeltet. Meirkostnaden i planprosjektet vil vere ca. 50 000 kroner.

Arkeologiske utgravingar

Sogn og Fjordane fylkeskommune si kulturavdeling held no på med arkeologiske utgravingar. Kostanden her er sett til maks 1,4 mill. kr. Det var ikkje teke høgde for så høg kostnad i utgangspunktet.

Gang- og sykkelveg

I kommunedelplan for Atløysambandet er temaet rundt gang- og sykkelveg vurdert slik:

Det er valt å legge dimensjoneringsklasse Hø1 (hovudveg) til grunn. Askvoll kommune har dessutan valt å nytta ei breidde på 7,5 m inklusive skulder og 9 meter over bruene for å legge betre til rette for gang- og sykkeltrafikk. Minimumskrava for denne dimensjoneringsklassen er breidd på 6,5 meter for veg og 7,5 meter der det er bru. For løysingar utan lange tunnelar kan det leggast til rette for gang- og sykkeltrafikk ved bruk av utvida skulder.

I arbeidet med reguleringsplan for Atløysambandet har det ved fleire høve vore diskutert gang- og sykkelveg langs sambandet og spesielt på bruene. Det skal byggast tre bruer til saman i sambandet. Vegklasse er Hø1. Krava til gang og sykkelveg er i følgje handbok N100 veg og gateutforming slik i dag:

Løsninger for gående og syklende

Det bør byggast gang- og/eller sykkelveg når:

- ÅDT er over 1 000 og
- potensialet for gående og syklende overstiger 50 i døgnet, eller strekningen er skoleveg.

Dersom det er vanskelig å få til en egen gang- og/eller sykkelveg, kan skulderen utvides til 1,5 m på begge sider. Denne løsningen bør ikkje brukast på strekning definert som skoleveg.

Eventuell kryssing mellom gang- og/eller sykkelveg og veg kan vere i plan. Gang- og/eller sykkelveger utformes etter krav i kapittel D.2.

Atløysambandet vil vere eit ferjeavløysingsprosjekt og all framtidig transport med køyretøy, sykkel og gåande vil nytte sambandet. Trafikken vil truleg auke som følgje av sambandet.

Vegen vil vere skuleveg for elevar på Atløy som går på ungdomsskule i Askvoll. Sauesundet og nærliggande område vil vere innanfor 4 km til Askvoll skule. Atløy skule er lokalisert i Sauesundet og er ein 1-7 skule. Dersom brua skulle få konsekvensar for framtidig skulestruktur, vil det nye fastlandssambandet vere skuleveg for alle borna på Atløy. Atløy er attraktivt for både fastbuande, hyttefolk og for friluftsliv. På Sauesundsøyna ligg der ei mykje brukt badestrand som i dag berre er tilgjengeleg med båt. Det er grunn til å tru at denne vil bli mykje meir nytta når sambandet er ferdig. Det er kome innspel om avkøyrsløse og parkering her. Atløy er og populært for sykkel og fjellturar. Grunna den korte avstanden til Askvoll sentrum er det realistisk å sjå føre seg at ein del av denne trafikken vil vere til fots eller på sykkel.

I Sauesundet ved Atløy skule og kulturhus ligg Atløy stadion. På Askvoll skule ligg Askvollhallen, stadion og biblioteket. Mange på Atløy nyttar treningstilbod i Askvoll og omvendt.

Statens vegvesen vurderer det slik at det er potensiale for meir enn 50 gåande og syklende i døgnet. Krav om gang- og sykkelveg krev og ein ÅDT på >1000 køyretøy. Rambøll har rekna forventa trafikk til å vere rundt 500. Det vil såleis ikkje vera krav om gang- og sykkelveg. Dette er noko som fylkeskommunen må ta stilling til om vi ønskjer å bygge eller ikkje. Strekninga frå Grov til Askvika er 4,5 km.

Det er ikkje ein stor meirkostnad med å byggje bruene med gang- og sykkelveg. Ein dimensjonerer for 80 km i timen. Utvida skulder tek plass på brua uansett. Det er ikkje å tilrå å nytte utvida skulder på bruene i 80-sone av trafiksikkerheitsmessige årsaker. Statens vegvesen planlegg med gang- og sykkelveg på bruene, og vil leggje inn gang- og sykkelveg på land som ein eigen post i kostnadsanslaget slik at vi kan ta stilling til dette seinare.

Avgrensing Grov - Leirvåg

Statens vegvesen ønskjer å utelate strekninga mellom Grov og Leirvåg som ligg i kommunedelplanen frå reguleringsplanen, sjå svart line i kartet over. Det vert heller lagt opp til å regulere som blå line i kartet med påkopling til eksisterande veg på Grov. Deler av strekninga mellom Grov og Leirvåg har bra standard for den trafikken som går der i dag. Lina i kommunedelplanen vil og dele all dyrka mark og sjøtilkomst, og vil vere kostnadsdrivande.

Alternativt kan vi gjere mindre tiltak på eksisterande veg. Ved å avslutte reguleringsplanen på Grov håper vi å få redusert kostnaden med utgravingar mellom Grov og Leirvåg.

Framdrift

Det er lagt til grunn følgjande framdrift:

- Statens vegvesen vil gjennomføre anslag på kostnader med prosjektet til 23. - 24. september.
- Offentleg høyring av reguleringsplan i oktober- november 2019
- Vedteken plan i slutten av november 2019
- Tidlegast oppstart av KS2 og ev. søknad om ferjeavløysing i 2020.

Prosjektet er heilt avhengig av framdrifta med dei arkeologiske utgravingane og at her ikkje dukkar opp noko som forsinkar prosessen, dersom ein skal klare å halde denne framdrifta.

Dersom strekninga mellom Grov og Leirvåg skal vere med i reguleringsplanen vil dette påverke framdrift ved at anslag må utsetjast og utgravingar vil ta noko lenger tid. Kostnaden med dette er uvis, men Statens vegvesen legg til grunn eit meirbehov på om lag 0,4 mill. kr til planlegging.

Prosess for søknad om ferjeavløysingsmidlar

I følgje retningslinjer for ferjeavløysingsordninga for fylkesvegferjer må det før søknaden kan behandlast liggje føre ein godkjent reguleringsplan og ein realistisk finansieringsplan for prosjektet med eit kostnadsoverslag på +/- 10 pst. Fylkeskommunen må også gjennomføre ei ekstern kvalitetssikring (KS2) av prosjektet jf. krav om dette for prosjekt over 1 mrd. kr (beløpsgrense gjeldande frå mars 2019).

Gjennomføring av KS2 vil ha ein kostnad på om lag 1,5-2 mill. kr mill. kr og vil ta om lag 1 år å gjennomføre. Arbeid med KS2 kan ikkje startast før reguleringsplanen er godkjent.

Fylkestinget i Vestland må ta stilling til gjennomføring av KS2 og ev. søknad om ferjeavløysingsmidlar når det føreligg godkjent reguleringsplan og kostnadsoverslag. Dette vi tidlegast kunne skje i løpet av 2020.

Merknad frå Askvoll kommune

Askvoll kommune har kome med følgjande merknad til notatet:

Askvoll kommune finn at det er positivt at ein planlegg vegen med påkopling imot FV609. Askvoll kommune synes at det er positivt at planlegging av gang og sykkelveg er inne i planane. Vi tenkjer at det er positivt med gode løysningar for mjuke trafikantar sjølv om dette framstår som ein litt streng fortolkning av handbok. Vi antar at dette er eit punkt som vil bli vurdert særleg og som kan takast ut/justerast om det skulle bli utfordringar med totalkostnadane.

Når det gjeld Grov Leirvåg så er Askvoll kommune skeptiske til desse vurderingane, då særleg å ikkje få denne strekninga planlagt saman med resten av vegenlegget. Det framstår som ganske begrensa kostnader å få planlegginga ferdig fram til Leirvåg. Slik vi oppfattar ferjeavløysningsordninga vil det vere store fordeler for fylket å bygge denne vegen innanfor ordninga. Då finansiering innanfor ordninga vil gjere at ein får heile vegstrekninga dekkja av ordninga står att med kun deler av rentekostnader. Det er og slik at vi tenkjer at ein etter ferdigstilling av sambandet bør sjå på løysningar for å flytte ferjekaia til Værlandet ut på vestlige deler av Atløy og då vil det vere store fordeler å bygge dei om lag 1,5 km som no blir tatt ut av planen. Askvoll kommune meiner at det er dårleg standar på mykje av den vegen som då blir nytta om ein ikkje bygger ny veg. Ein viser til at det kan gjerast mindre tiltak på eksisterande veg som avbøtande men vi meiner at det er lite mogeleg og forvarleg.

Framdrifta som ein viser til er god til ferdigstilling av reguleringsplan, men Askvoll kommune meiner at ein bør starte KS2 rett etter vedtak og at det framstår som veldig lang tid med eit år på dette arbeidet. Vi meiner at det bør vere mulig å innhente pris på KS2 parallelt med at planen ligg på høyring og så be om at denne skal gjennomførast på kortare tid enn 1 år.